



Skjåk kommune

Plan, samfunn og miljø

Norges vassdrags- og energidirektorat Region Øst
Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091
0301 OSLO

Melding om vedtak

Vår ref
2007/320/8/

Dykkar ref:

Saksbehandlar
Tor Taraldsrud
tor.taraldsrud@skjaak.kommune.no

Dato
02.04.2013

Søknad om løyve til å bygge småkraftverk i Nordre Juva

Vedtak i Skjåk kommunestyre 21.03.2013

Skjåk kommune ser positivt på utbygging av N. Juva slik planen er lagt fram.

Dersom utbygging blir godkjent, bør det settast krav om lydabsorberande plater i vegger og tak i kraftverksbygningen.

Vedteke med 11 mot 10 røyster

Med helsing

Tor Taraldsrud
Miljøvernkonsulent

Postadresse

2690 Skjåk
E-post: post@skjaak.kommune.no

Heimeside

www.skjaak.kommune.no

Telefon

61217000

Telefaks

61217001

Bank

2085.07.40004

Org.nr

961381096

	Skjåk kommune Plan, samfunn og miljø	Arkivsak: 2007/320-7 Arkiv: Saksbehandlar: Tor Taraldsrud Dato: 01.03.2013
---	--	---

Saksframlegg

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
21/13	Miljø- og næringsutvalet	07.03.2013
38/13	Formannskapet	12.03.2013
22/13	Skjåk kommunestyre	21.03.2013

Søknad om løyve til å bygge småkraftverk i Nordre Juva

Saksutgreiing – samandrag henta frå søknaden

Eit grunneigarlag v/ Hogne Teigum ynskjer å etablere Nordre Juva kraftverk i Skjåk kommune. Det vil nytte eit fall på 475 m med inntak på kote 875 og kraftstasjon på kote 400. Det er planlagt røyrgate i nedgraven/nedsprengt grøft over ein strekning på 1850 m. Langs traseen vil det bli etablert ein traktorveg frå eksisterande veg fram til inntaket. Middelvassføringa er 190 l/s og det er søkt om ei maksimal slukeevne på 300 l/s. Kraftverket vil ha ei installert effekt på 1,35 MW og skal etter planen produsere 4,4 GWh årleg. Til samanlikning produserer Skjåk 1 (med Aursjoen som magasin) 110 GWh, Framruste kraftverk 250 GWh og Øyberget kraftverk 300 GWh). Utbygginga vil føre til redusert vassføring over ein strekning på 1800 m i elva Nordre Juva. Søkaren har planar om å sleppe ei minste vassføring på 14 l/s om sommaren (01.05-30.09) og ingen minste vassføring om vinteren (01.10-30.04).

Vassdraget har avgrensa verdi iht biologisk mangfald, men nærleiken til Breheimen nasjonalpark bidreg til å auke den samla verdien for vassdraget. Det vart påvist ein raudlista lavart (furusotbeger) under registrering av biologiske verdiar. Kraftutbygginga vil ha få negative verknader på fisk. Aure brukar dei nedre delane av vassdraget berre om sumaren når det er stor vassføring. Nordre Juva er truleg ikkje gyteelv for aure.

Nordre Juva og planlagt rørtrase ligg nordvendt og dominert av lågproduktiv skog, rasmarkurd, berg og bart fjell. Fossane øvst i vassdraget ser ein godt frå dalbotn. Den øvste blir ikkje påverka av planlagt utbygging, men foss nr. 2 vil bli påverka sia inntaket ligg rett oppstrøms fossen. Dette vil ha negative visuelle effektar frå nordsida av hovuddalføret.

Bruk av terrenggåande køyretøy i anleggsfasa gjer at ein i liten grad treng midlertidig vegbygging langs røyrtraseen. Terrenget langs røyrtraseen vil bli tilbakeført til mest mogleg likt før inngrepet.

Det er planlagt bruk av jordkabel ved tilknytning til nettet og det vil ikkje vera synleg. Rørgata vil vera nedgrave over det meste av strekninga, men det kan bli parti der den vil ligge oppå bakken.

Støynivå frå kraftverksbygget vil vera under 37 dBA. Da er det ikkje naudsynt å handssame støy etter forureiningslova.

Søknaden med vedlegg er lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker

Kart og bilde av tiltaksområde:





Fig. 1.1 Skravert felt markerer det berørte området



Bildet viser området fra inntak og øvre halvdel av prosjektområdet. Ny skogsbilveg sees også på bildet.



Bildet viser nedre del av prosjektområdet og plassering av kraftstasjon



Inntak

Rørgatetrase

Bilde 1

På dette bildet er vannføringen ca $1,3 \text{ m}^3/\text{s}$ og uttak fra kraftverket vil være maks. $0,3 \text{ m}^3/\text{s}$



Bilde 2

Område ved planlagt kraftstasjon, som en ser er det ganske tett bevokst med gran i området der stasjonsbygget er tenkt plassert. Dette vil være en stor fordel både med hensyn til lyd og innsyn. Vannføringen på dette bildet er ca $0,6 \text{ m}^3/\text{s}$



Bilde 3

Bildet viser en typisk vintersituasjon i vassdraget, vannføringen kjøver bort over svabergene og det er ingen synlig vannføring

Vurdering

Fisk: Søknaden sannsynleggjer at elva gir eit dårleg grunnlag for fiskeproduksjon og at det ikkje skjer gyting i vassdraget.. Det hadde likevel vore ynskjeleg med ei undersøking av fiskebestanden i nedre delar av vassdraget slik at ein har noko betre dokumentasjon.

Støy: I søknaden er det oppgjeve at næraste bygning er 150 meter unna og at granskogen mellom næraste hus og kraftverksbygningen vil absorbere det meste av støy. Skjåk kommune har fått opplyst at avstanden til næraste bygning truleg er noko mindre enn 150m. Det er også usikkert om granskogen vil vera permanent. Dette betyr at det bør nyttast lydabsorberande plater i vegger og tak i kraftverksbygningen.

Visuell effekt: Vassføringa er grunnlaget for landskapsinntrykket og dette vil bli negativt påverka. I flomperiodane vil slukeevna til anlegget vera liten i høve til vassføringa og landskapsinntrykket vil i desse periodane bli lite påverka. Det er i skuldersesongane ein vil merke tiltaket, særleg frå slutten av juli og utover hausten. Nordre Juva har stor verdi som landskapsobjekt fordi området inngår i eit stort urøyd landskap med få eller ingen inngrep, og den sterke eksponeringa som området har ut mot Ottadalen og spesielt mot kommunesenteret Bismo.

INON: (Inngrepsfrie naturområder i Norge) – er definert som meir enn 5 km frå tekniske inngrep. Tiltaket vil redusere INON-arealer i deler av fjellmassivet Gjuvkampen. (Iht: St.meld.nr. 26 (2006-2007) «Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand», er det eit nasjonalt mål å:

«Sikre at gjenværende naturområder med urørt preg blir tatt vare på».

For dei ulike tiltaka er det gjort ei oppsummering av biologiske verdiar, omfang og virkning av tiltaka.

Tiltak	Status verdi	Omfang av tiltaket	Verknad av tiltaket	Datagrunnlag
Inntak	Liten	Lite/middels negativt	Liten/middels negativ verknad	Godt
Røyrledning	Middels	Middels negativt	Middels negativ verknad	Godt
Kraftstasjon	Liten	Lite negativt	Liten negativ verknad	Middels

Utbygginga er for lita til å kunne ha monalege samfunnsinteresser.

Rådmannens innstilling

Dersom utbygging: Krav om lydabsorberande plater i vegger og tak i kraftverksbygningen.

Vedtak i Miljø- og næringsutvalet - 07.03.2013

Miljø- og næringsutvalet vil tilrå at formannskapet gjer følgjande vedtak:

Skjåk kommune vil gå mot utbygging av småkraftverk i N. Juva slik planen er lagt fram.

Kommunen vil tilrå at inntaket blir flytta lenger ned slik at fossen nedanfor det planlagte inntaket ikkje blir teke med i utbygginga..

Dersom utbygging blir godkjent, bør det settast krav om lydabsorberande plater i vegger og tak i kraftverksbygningen.

Samrøystes

Behandling i Formannskapet - 12.03.2013

Arild de Presno sette fram forslag om at kommunen stiller seg positive til planen som er lagt fram, men med krav til lydabsorberande plater.

Vedtak i Formannskapet - 12.03.2013

Formannskapet vil tilrå at kommunestyret gjer følgjande forslag:

Miljø- og næringsutvalet vil tilrå at formannskapet gjer følgjande vedtak:

Skjåk kommune vil gå mot utbygging av småkraftverk i N. Juva slik planen er lagt fram.

Kommunen vil tilrå at inntaket blir flytta lenger ned slik at fossen nedanfor det planlagte inntaket ikkje blir teke med i utbygginga..

Dersom utbygging blir godkjent, bør det settast krav om lydabsorberande plater i vegger og tak i kraftverksbygningen.

Vedteke med 3 mot 2 røyster

Behandling i Skjåk kommunestyre - 21.03.2013

Arild de Presno sette fram forslag om å sjå positivt på utbygginga slik den er søkt om.

Det vart stemt over dette forslaget og framlegget frå formannskapet

Vedtak i Skjåk kommunestyre 21.03.2013

Skjåk kommune ser positivt på utbygging av N. Juva slik planen er lagt fram

Dersom utbygging blir godkjent, bør det settast krav om lydabsorberande plater i vegger og tak i kraftverksbygningen.

Vedteke med 11 mot 10 røyster